



Flott opning ved kornettkvartetten Camilla M. Ripel(f.v.), Amalie H. Rød, Emma M. Ripel og Celine Musland.

**Julekonserten som var i Uskedal kyrkje søndag, vart på alle måtar særst vellukka. Kyrkja var fullsett, og dei framførte fekk oppleva eit konsertprogram som var samansett av flott julemusikk. Gode framføringar på trekkspel, messinginstrument, orgel, piano, gitar og gode songrøyster gjorde at dei fine opplevingane kom tett.**



Røyserett kan eg ikkje hugsa å ha høyrte betre på ein julekonsert.

Det var dei unge i Uskedal skulemusikk som starta ballet, og det sette verkeleg standarden! Fire kornettistar frå korpset opna med **Jingle Bells** i eit arrangement der dei verkeleg krydra den kjende låten med fine understemmer, før vi fekk ein flott versjon av kjende og kjære **Romjulsdraum**. No var dei unge musikanane verkeleg blitt varme i trøya, og ein messingkvartett presenterte ei nydeleg framføring av **Nu tennes tusen julelys** før heile korpset avslutta med glitrande framføringar av **Mitt hjarte alltid vanker** og **Julekveldsvisa**.

Eg vart imponert over programmet til skulemusikken i går. Det er ikkje noko stort korps, men alle musikanane gjer ein flott jobb og er svært dyktige. Ungdommane må nok dela æra med den dyktige dirigenten Tor Skeie Olsen som no er inne i sin sjuande sesong med korpset. Han gjev alle ungdommane utfordrande oppgåver. Han finn korpsarrangement der alle gruppene må bidra. I gårdagens konsert hadde samtlege krevjande oppgåver som dei løyste flott. Til og med dei yngste som kom inn i korpset i haust, hadde solistisk innslag på **Mitt hjarte alltid vanker** som dei kom flott frå. Dette skaper musikalsk utvikling hos kvar einiskild og i heile korpset.



Musikklaget overraska nok publikum då dei song eine verset av Ein herleg dag med berre ein kornett og ein trombone som tonefølgje. Den nynorske teksten var skriven for anledningen.

Med programmet til skulemusikken var allereie kyrkja fyllt av julestemning. Denne vart ytterlegare forsterka gjennom flotte framføringar av dei andre aktørane. Julemusikken dominerte sjølvsagt, nokre av nummera var velkjende, medan andre var meir ukjende og nye for mange. Akkurat slik det skal vera. Eg er kanskje ikkje den rette til å vurdere det sidan er var sterkt involvert både som arrangør og aktør, men for meg var det ekstra mange høgdepunkt i år. Eg gledde meg stort over alle framføringane! Tusen takk til Kvinnherad trekkspelklubb, Nordsaang, Eva Megyesi, Tove Lill & Ronny Lakselv, Røysterett for Alle og Glimrah, i tillegg til skulemusikken. Det var utruleg kjekt å oppleve dykk. Svært takknemleg er eg også overfor gjengen i Uskedal musikklag. Å syngja og spela med den gjengen er ufatteleg moro. Ekstra stas er det å opptre for eit flott publikum i ei fullsett kyrkje!

Soknerådet var svært fornøgd med arrangementet. Regien var strama litt inn, og etter halvannen time var vi klar for avslutning med Deilig er jorden og orgelmusikk. Stort raskare kan ein ikkje avvikla ein så innhaldsrik konsert. Svært mange positive tilbakemeldingar har det også vore både på dette, og på kvaliteten på innhaldet. Sjølv om eg truleg ikkje er heilt nøytral, meiner eg konserten fortener mange auge på terningkastet.

Fleire fine bilete frå konserten finn de under BILETGALLERI i venstre kolonne. Der finn de også biletsieriar frå julekonsertane dei to føregåande åra.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Hans Ordin Østebø.